


## ÅRSMELDING 2023 for Indre Herøy sokn



### Medlemmane i soknerådet, frå 1.nov 2019 – 1.nov 2023:

Anders Enerhaug	leiar
Katrin Dahlstrøm	nestleiar
Evy Storøy	sekretær
Nina Kopperstad Gjerde	
Irene Kopperstad Sporstøl	
Hallgeir Hauge	
Jostein Husøy	

Årets fyste soknerådsmøtet var 10. januar der vi satte opp offerliste og kyrkjevertar.

26. februar arrangerte soknerådet konsert med Kevin Andre Søvre Myklebust og Andrine Berge. Vakkert! Det var omlag 100 betalande til konserten.

Våren gjekk med til å fortelje om det komande soknerådsvalet. Indre Herøy sokn si facebookside og dei ulike bygdesidene vart nytta. I tillegg ringe rundt å spørje om nokon hadde lyst og anledning.

Kyrkja fekk ei elektrisk oppgradering med fleire kontakter. Samstundes vart lyskrunene splitta på fleire dimbare brytarar og lyspærene vart skifta til å vere dimbare.

## Indre Herøy Sokneråd

Firmaet «Bak dei blå dørene» laga 2 stk nye bord som vi kan ha i «kyrkjekaffe kråa», bak i kyrkja.

I 2023 starta sokna å dele ut dåpsenglar til dei som vert døpte. Denne skal henge i kyrkja til barnet er 1 år. Vi hengde opp ei trollhasselgrein bak i kyrkja til dette formålet. Det vart fint.


28. mars vart årets Fasteksjon gjennomført. Soknerådet hjalp til med å sende ut konfirmantane og baud på kakao, kaffi og vaffler når dei kom att.

Indre Herøy sokn ilag med Herøy sokn gav eit prosesjonskors til Leikanger sokn som fylte 150 år i 2023. Det var firmaet «Bak dei blå dørene» som laga og mala det. Veldig flott!

Offerbeløpa har gått ned etter pandemien. Indre Herøy sokn utfordra kyrkjekontoret med å opprette ei givartjeneste, slik at dei i soknet som ynskjer det kan gi ei fast gave i månaden.

Avtalen med NMS sitt misjonsarbeid på Madagaskar bestemte vi å fornye i to nye år – sak 16/23.

3. mars var Anders og Evy på synsfaring ilag med Fellesrådsformann, kyrkjeoverve og Nordconsult. Vi såg først på området rundt kyrkja. Handicap tilkomst, ei trafikksikker avkjørsel og belysning. Vi fokuserte på vedlikehaldsfrie løysninga. Etterpå gjekk turen til Herøy gard – der vi såg på den gamle kyrkestaden. Forslaget frå Nordconsult for området rundt kyrkja syntes vi var veldig fint.



## Indre Herøy Sokneråd

Soknerådet hadde desse kommentarane:

Sak 28/23 «Hekk er fint når den vert vedlikeholdt, men erfaringsvis er det soknerådet som har vedlikeholdt den eksisterande hekken. For å unngå at ein er avhening av eit dognadsvillig sokneråd er det ei mykje meir berekraftig løysning: ein steinmur. Kostbar innvestering, men den står til evig tid.»

Under samme sak er det også presisert at taket på uthuset er lekk. Dette må gjerast med noko snarast. uthuset er også teknisk rom for kyrkja.

25. april skulle vi ha den årlege vårdugnaden. Pga snøver vart denne avlyst. Seinare vart det planta blomar i dei ulike krukkene framfor kyrkja, slik at det såg fint ut til 17. mai.

August/september førebudde vi det komande soknerådsvalet. Vi fekk ikkje nok namn på lista etter å ha spurt 53 stk i dei tre bygdene.

Valet vart gjennomført 11. september etter god planlegging og informasjon frå kyrkjekontoret. Vi greidde å kome i mål med nok representantar ved hjelp av «slengarar».

**Dei nye representantane frå Indre Herøy sokn til det nye felles soknerådet for perioden 1.nov 2023 – 1.nov 2027:**

### Faste medlemmar:

Lillian Rafteseth  
Sigrunn Bigset  
Magnar Storøy  
Britt-Hilde Slettebakk

### Vara:

Kristin Mikalsen Gjerde  
Nina Skogli Kopperstad  
Anne Steinsvik Slettebakk  
Geir Sporstøl

Det sitjande soknerådet hadde ei kjekk avslutning hos Elin Dyrhaug. Det vart arrangert eit felles soknerådsmøte for dei nye og dei gamle medlemmane 1. november.

### Tilsette:

Indre Herøy sokneråd har ikkje faste tilsette. Det er det Kyrkjeleg fellesråd som har. Alt arbeid i soknet baserer seg på dugnad og frivillig arbeid. Takk for at vi har gode vikarar!

### Økonomi:

#### Årsresultat og disponering av dette:

Indre Herøy sokn hadde eit meirforbruk på kr. 13 845,17 i 2023.

#### Årets rekneskap viser:

Det er brukt kr 14.083,10 av øyremerka midlar for å dekke meirutgifter til trusopplæring.

## Indre Herøy Sokneråd

Det økonomiske resultatet fordeler seg slik:

Driftsinntekter	102346,08
Driftsutgifter	-130274,35
Netto driftsresultat	-27928,27
Bruk avsetninger	26069,07
Avsetninger	-11985,97
Meirforbruk	-13845,17

Eigenkapital:

Meirforbruket må dekkjast av disposisjonsfondet.

Indre Herøy sokn har tilgjengeleg kr 119.290,76 i disposisjonsfond pr 31.12.23.

Tjørvåg, 9. april 2024

Evy Anita Storøy

Ref

**1.november tok det nye FELLES SOKNERÅDET for Indre Herøy og Herøy sokn til.**

**Medlemmar av det nye felles soknerådet frå 1.nov 2023 – 1.nov 2027:**

Camilla Kvalsvik Aksnes - Leiar  
Magnar Storøy - Nestleiar  
Kjell Rabben - Sekretær  
Brit Hilde Slettebakk  
Sigrunn Bigset  
Lillian Annie Rafteseth  
Therese Frøystad Igesund  
Øyvind Granden Berg

Anne Kari Remøy - 1. vara  
Kristian Arnevik - 2. vara  
Svein Gjelseth, Frode Ryssevik- vara  
Roar Jan Eide - vara

## Indre Herøy Sokneråd

Kristin Mikalsen Gjerde - vara  
Nina Skogli Kopperstad – vara  
Anne Steinsvik Slettebakk – vara  
Geir Sporstøl

### **Medlemmer i Herøy Kyrkjelege Fellesråd, frå dette nye soknerådet:**

Therese F. Iglesund

Kjell Rabben

Brit-Hilde Slettebakk

Sigrun Bigseth

Dei fyrste møta i det nye soknerådet gjekk med til å konstituere seg og orientere seg om begge sokna, om det som er likt og det som er ulikt.

Fosnavåg

For Herøy sokneråd

8.mai 2024

Camilla Kvalsvik Aksnes

Magnar Storøy